

Ansvarlegheit og kanalisering hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Innhald

Innleiing og samandrag	3
Ansvarlegheitsrapport	3
1. Utviklinga hos einerettstilbydarane i 2025	4
2. Utvikling på Hjelpelinja	7
3. Rapportane til einerettstilbydarane om ansvarleg spel.....	8
4. Lotteritilsynet sitt tilsynsarbeid i 2025.....	10
5. Oppsummering og tiltak.....	12
Kanaliseringsrapport.....	14
6. Kanalisering målt i antal spelarar	14
7. Kanalisering målt i omsetning	20
8. Marknadsandelar	22
9. Oppsummering og konklusjon kanaliseringsrapport.....	24

Innleiing og samandrag

Lotteritilsynets rapport er tilsynets svar på oppdraget i tildelingsbrevet frå Kulturdepartementet.

Lotteritilsynet har vurdert om Norsk Rikstoto og Norsk Tipping oppfyller kravet om å tilby ansvarlege spel. Vi har også vurdert kanaliseringsevna til Norsk Rikstoto og Norsk Tipping basert på utrekningar av størrelse og utvikling av det uregulerte pengespel-tilbodet i Noreg.

Kanaliseringa til Norsk Tipping og Norsk Rikstoto er på eit så høgt nivå at vi kan rekne med ei flat utvikling vidare. Lotteritilsynet estimerer den uregulerte marknaden til å vere mellom 1,7 og 2,0 milliardar kroner. Dette er høgare enn for 2024. Vi kan likevel ikkje konkludere med at den uregulerte marknaden veks, sidan estimatet er basert på andre kjelder enn i fjor. Likevel gir det grunn til uro når det er vekst i talet på samtaler til Hjelpelinja når det gjeld utanlandske nettkasino.

Dei to einerettsaktørane rapporterer at spelarane sine gjennomsnittlege tap går ned. Lotteritilsynet er likevel bekymra for ein stor kundevækst til Norsk Tipping sine kasinospel, og kva dette vil ha å seie for framtidig problemspel i Noreg. For Norsk Tipping sin spelarmasse sett under eitt, er utviklinga i raude spelarar uendra samanlikna med 2024. For Instaspill-kategorien, der kasinospela ligg, er det ein marginal auke i raude spelarar samanlikna med 2024.

Også hos Norsk Rikstoto var andelen risikospelarar marginalt høgare enn i 2025, men er framleis på eit lågt nivå.

For at færre skal oppleve speleproblem tilrår vi at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto gjer følgjande:

- **Styrke innsatsen retta mot spelar med langvarig høg risiko**
- **Styrke kontrollen med pengespela**
- **Norsk Tipping må gjere meir for å hindre problemspel på kasino**
- **Norsk Rikstoto må auke merksemda på spel med gevinst**

Førde 11.mars 2026

Tore Bell, avdelingsdirektør Pengespel

Ansvarlegheitsrapport

Lotteritilsynet skal vurdere om Norsk Tipping og Norsk Rikstoto oppfyller kravet om å tilby ansvarlege pengespel. I det følgjande vil vi sjå på utvikling i marknaden og i dei ulike spelkategoriane

opp mot verktoya Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har for å tilby ansvarlege spel og leie spelarane i ansvarleg retning, og om dei lukkast med det.

Vi vil også vurdere dei to einerettstilbydarane sine eigne rapportar om ansvarleg spel, gjennomgå tilsynsverksemda vår det siste året, og føreslå tiltak for å styrke innsatsen mot speleproblem.

1. Utviklinga hos einerettstilbydarane i 2025

Kundeutvikling

Både Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har hatt auke i tal kundar. Prosentvis var auken for Norsk Tipping nesten falt, på under ein prosent. Selskapet hadde nær 2 350 000 kundar ved utgangen av 2025. Norsk Rikstoto hadde ein kundevekst på tre prosent. Dei hadde nesten 180 000 kundar.


Når det gjeld Norsk Tipping er det ein tilbakegang i tal kundar som spelar dei store lotterispela: Lotto, EuroJackpot og Vikinglotto. Nedgangen er ikkje dramatisk, og den er størst for Vikinglotto som har fem prosent færre kundar i 2025, samanlikna med 2024. Det er likevel innan dei store talspela selskapet ønsker vekst. Dette er dei minst problematiske spela når det gjeld speleproblem, og det er desse spela som blir marknadsført. Det er vanskeleg å seie eintydig kvifor litt færre spelar desse spela, men det kan ha samanheng med feila i tilleggstrekingane til Eurojackpot og Lotto, og andre store feil hos Norsk Tipping som har prega selskapet i 2025. Samstundes var det stor vekst i 2024 som følgje av fleire store jackpotar, og den vesle nedgangen i 2025 kan vere utrykk for ei normalisering.

Det er ein auke i tal spelarar innanfor kategorien Instaspill, der dei mest risikofylte spela, KongKasino og Bingoria, ligg. Auken i kasinospel kjem vi tilbake til lenger nede. Innanfor sportsspela er det ein liten nedgang på Oddsen. Det skuldast truleg at det ikkje var store meisterskap i 2025. I lys av det held omsetninga på Oddsen seg høg. Når det gjeld den tradisjonelle tippekupongen, så har den ein auke i omsetning. Det er positivt dersom spelarar vrir spel frå oddsen over til tippekupongen, men truleg spelar dei sportsinteresserte både på oddsen og tippekupongen.

Norsk Rikstoto sin kundevekst har kome innan selskapet sine breidde-spel, V75 og V85. Det er kundar som spelar meir sporadisk som har auka, medan talet på det selskapet kallar kunnskapsspelarar, som føl hestesporten tettare, er stabilt.

Utvikling omsetning

Norsk Tipping hadde ein auke i brutto omsetning på om lag 6 prosent frå 2024 til 2025. Men når det gjeld netto omsetning er utviklinga i same periode heilt flat. Det viser at det er spela med høg tilbakebetalingsprosent, som KongKasino, Yezz og E-Flax, og som aukar.




Norsk Rikstoto hadde ein auke i brutto omsetning på nesten fire prosent i 2025. Når det gjeld netto spelinntekter utgjorde veksten tre prosent. Auken kjem ifølgje selskapet frå kundar som spelar Super-Saturday, ein kombinasjon av V75 og V85. Tal slike Super- Saturdays har auka som følgje av fleire speleomgangar med V75 og V85 i Sverige. Også ferdigutfylte spel gjennom Stalltips har auka i 2025. Dette er spelformer som i liten grad er venta å føre til problem.

Utvikling risikospelarar Norsk Tipping

Norsk Tipping brukar det sjølvutvikla Spillepuls-systemet til å følgje med på spelarane sine. Systemet kategoriserer spelarane i raude, gule og grønne spelarar etter kva risikostatus spelaktiviteten deira viser. For Norsk Tipping sin spelarmasse sett under eitt, er utviklinga i raude spelarar uendra samanlikna med 2024.

Når det gjeld Instaspill-kategorien, der kasinospela ligg, er det ein marginal auke frå 6,5 prosent til 6,7 prosent i raude spelarar samanlikna med 2024. Andel GGR, det spelselskapet sit att med etter at gevinstane er utbetalte, er uendra frå i fjor når det gjeld raud andel for Instaspill-kategorien.

Sportsspela hadde også ein marginal auke (0,3 prosentpoeng) i andel raude spelarar frå 2024 til 2025. Men andel raud GGR frå sportsspela gjekk ned med to prosentpoeng frå 25 til 23 prosent.



Det er også positivt at antal spelarar som blir raude for første gong er stabil/svakt synkende gjennom året, sett i lys av at det har blitt mange fleire kasino-spelarar.

Samtidig er tal langvarige raude spelarar stabilt. Dette er spelarar som har raud status i minst halvparten av dei 52 vekene i året. Tal på stortaparar er også stabilt, og utgjer i overkant av 5 100 spelarar i månaden. Dette er spelarar som taper meir enn 10 000 kroner i månaden.

Utvikling risikospelarar Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto bruker systemet Mentor til å følge med på spelaktiviteten hos sine kundar. Spelarane blir kategorisert med høg risiko, middels risiko, låg risiko og ingen risiko. Andelen risikospelarar har relativt få kundar som er kategorisert med høg risiko for utvikling av speleproblem. Totalt var det 2014 unike kundar som hadde høg risiko i 2025. Tal spelarar med høg risiko varierte mellom 524 og 716 kundar i månaden eller frå 0,65 prosent til 0,97 prosent av den aktive spelarmassen. I 2024 varierte høg-risikosegmentet på månadsbasis mellom 0,31 prosent og 0,8 prosent, altså marginalt høgare andel spelarar med høg risiko i 2025.

Selskapet har eit mål om at andelen aktive spelarar med høg risiko ikkje skal utgjere meir enn 0,9 prosent, og at andelen av omsetninga (GGR) frå spelarar med høg risiko ikkje skal over 15 prosent. Når det gjeld andelen spelarar nådde selskapet målet i 11 av 12 månader, men når det gjeld målet om omsetning, var den høgare enn 15 prosent frå høg-risiko-spelarar i fem av 12 månader.

Norsk Rikstoto sine kundar har opning for å kunne legge til gevinstar dei har hatt dei siste 365 dagane til tapsgrensene sine. Selskapet opplyser at 97 prosent av kundane med høg risiko har aktivert denne funksjonen. Difor er det etablert eit tema om «spill for gevinst» i samtalemalane, og forsterka fokus på dette i proaktive samtaler.

Selskapet har hatt nedgang i gjennomsnittleg tap per kunde det siste året.

2. Utvikling på Hjelpelinja


Det har vore ei veldig stor auke i tal førstegangssamtaler om pengespel til Hjelpelinja i 2025. Auken er på 44 prosent, og kjem etter ein nedgang frå 2023 til 2024. Det er samtaler om kasinospel på nett som står for nesten heile auken. I heile 422 samtaler er kasinospel på nett anten hovudproblemet eller det einaste spelet det blir teke kontakt om. Av desse viser 273 (65 %) berre til utanlandske operatørar, og 15 (4 prosent) berre til Norsk Tipping. Samstundes er det 110 samtaler der spelaren det gjeld har vist både til Norsk Tipping og ein utanlandsk aktør.

Når det gjeld spel på hest er det svært få som ringer Hjelpelinja. Det kan tyde på ansvarlegheitstiltaka selskapet har innført, har hatt god effekt.

Hovudproblem (eller det einaste)	2022	2023	2024	2025
Kasinospel (nett)	242	276	281	422
Poker	28	22	17	18
Odds	84	79	56	70
Skinbetting				17
Tipping	10	5	0	0
Bingo	19	5	10	23
Databingo ²	11	16		
Norsk Tippings Belago	4	2	0	0
Totalisatorspel på hest	12	8	8	5
Norsk Tippings Multix	5	8	2	2
Lotto/VikingLotto/EuroJackpot/Extra/ Keno/Joker/Nabolaget/Skrapespel	9	4	3	0
Andre pengespel	6	3	14	5
Total	430	428	391	562

Særleg om kasinospel

Norsk Tipping har ved fleire høve omtalt kasinospel på nett frå utanlandske aktørar som rotårsaka til pengespelproblem i Norge. Dette blir støtta blant anna av statistikken over samtaler på Hjelpelinja, men også av befolkningsundersøkingane Universitet i Bergen har gjort. Sjølv om kasino-spela til Norsk Tipping er strengt regulerte, er Lotteritilsynet likevel uroa over veksten i kundar til KongKasino, og kva det store talet spelarar vil ha å seie for speleproblem i åra som kjem. KongKasino kom på marknaden i 2014, og det var ein nedgang i talet spelarar frå lanseringsåret til 2015. Fem år seinare, var talet på spelarar dobla til over 200 000 spelarar. I 2025 er tal spelarar dobla igjen til 400 000. Norsk Tipping opplyser at det er om lag 180 000 til 200 000 aktive spelarar i månaden.



Data frå Norsk Tipping viser at gjennomsnittleg månadleg tap per spelar går nedover. Sjølv om det er moderate bevegelsar gjennom året, er det ein positiv trend, og har samanheng med at dei lågare grensene for yngre spelarar, og at selskapet sine proaktive meldingar og andre tiltak som er innført har effekt.

Vi er likevel bekymra for om tiltaka selskapet gjer for å avgrense spel på KongKasino er kraftfulle nok. Det er krevjande å skulle balansere ansvarlegheit med attraktivitet. Nesten 50 000 nye kundar berre det siste året, tyder på at tilbodet er attraktivt nok til å tiltrekke seg spelarar. Norsk Tipping skriv sjølv i sin ansvarlegheitsrapport at interessa for kasinospel blant unge framleis er ei utfordring.

Lotteritilsynet planlegg eit tilsyn med Norsk Tipping sine kasinospel våren 2026.

3. Rapportane til einerettstilbydarane om ansvarleg spel

Rapport frå Norsk Tipping

Overordna peikar Norsk Tipping sin rapport på at utviklinga med tanke på ansvarleg spel går i rett retning. Selskapet sin “Spelepuls-indeks”, som målar i kvar retning spelarane bevegar seg, viser at rørsle er i grøn retning. Det gjeld også for spelarane i aldersgruppa 18 til 25 år. Det er også positivt at spelarane har redusert den månadlege tapsgrensa si frå 3600 til 3300.

Norsk Tipping er framleis bekymra for dei unge spelarane. Selskapet ser framleis ein auke i kasinospel blant unge, og spesielt blant 18-åringar som opprettar spelkonto for første gong. Andelen unge som spelar kasinospel aukar framleis, noko som gir grunn til bekymring.


Norsk Tipping si eiga vurdering er at selskapet sin marknadsposisjon mot utanlandske pengespelselskap som tilbyr spel til Norge er styrka. Veksten i selskapet sin marknadsandel for kasinospel dei siste åra er eit uttrykk for det. Norsk Tipping meiner no deira marknadsandel innan

kasinospel er på 65 prosent. I fjor berekna dei ein marknadsandel på 63 prosent og 2023 på 62 prosent. Innan sportsspel er marknadsdelen endå større, der har dei berekna å ha 88 prosent av marknaden i 2025. I 2024 berekna dei 87, og i 2023 85 prosent marknadsandel. Altså aukande trend for både kasinospel og sportsspel.

I rapporten skriv Norsk Tipping at «Året 2025 har vært preget av enkelte alvorlige feilsituasjoner i Norsk tippings systemer. Rapporten viser at disse ikke har hatt påviselige negative effekter på selskapets ansvarlighetsrammeverk». Lotteritilsynet deler denne vurderinga, men vil understreke at dersom ikkje den «tekniske grunnmuren» i selskapet er god nok, vil ansvarlegheitsrammeverket før eller seinare igjen bli råka av feil. Det er i tillegg slik at dei største feila har råka dei spela Norsk Tipping ønsker flest kundar skal spele fordi det er dei minst risikofylte i porteføljen.

Lotteritilsynet si vurdering er at Norsk Tipping gjennomfører mange gode tiltak for å avgrense speleproblem. Dei særlege grensene for unge spelarar verkar til å ha god effekt, og utviklinga av proaktive meldingar (tidlegare Spillepuls-meldingar) held fram. Ein ny modul her har gjort at selskapet har fått kontakt med spelarar med risikoåtferd, som tidlegare ikkje har respondert på til dømes proaktive samtaler. For å få tilgang til spel har spelaren vore nøydd til å fullføre ein modul som sikrar at kunden blir medviten på eige forbruk. Dette har igjen ført til at ein del av desse spelarane, som ofte er langvarig raude spelarar, har endra tapsgrense eller låst spelegrensa.

Norsk Tipping lanserte i november betra synlegheit av pause- og utestengingsfunksjonen i alle digitale kanalar. Dette vart gjort etter at Lotteritilsynet påpeika at den eksisterande funksjonaliteten ikkje var god nok. Etter at den nye funksjonaliteten vart lansert har tal utestengingar frå alle spel auka med 200 prosent, og utestengingar frå KongKasino auka med 350 prosent. Det er få som opphevar ei utestenging. Når det gjeld pausefunksjonen har Norsk Tipping sett ein gjennomsnittleg auke på ca. 70 prosent vekepausar på KongKasino etter den nye lanseringa. Av grafen under kan det sjå ut som utestengingar frå Kongkasino etter ein topp etablerer seg på eit langt høgare nivå enn før Norsk Tipping gjorde endringa.



Kjelde: Norsk Tipping

Rapport frå Norsk Rikstoto

Også Norsk Rikstoto føl nøye med på eigen kanaliseringsevne og korleis spel på utanlandske spelsider påverkar norske spelarar. Når det gjeld konkurransen med Norsk Rikstoto sine egne

speltilbod, viser selskapet sine analysar at det er liten direkte konkurranse. Dei vurderer kanaliseringsgraden til å vere 97 prosent. Samstundes påpeikar dei at det er ein indirekte konkurranse mellom Norsk Rikstoto sine totalisatorspel, og andre speltilbod som blir tilbydd av uregulerte aktørar.

Når det gjeld ansvarlegheitsarbeidet, har Norsk Rikstoto det siste året fokusert på å vidareutvikle allereie etablerte tiltak. Selskapet hadde i 2025 eit mål om å nå fleire med proaktive samtaler. Dette har selskapet lukkast med og har auka tal samtaler frå 522 i 2024 til 698 i 2025. Norsk Rikstoto har prioritert unge spelarar og oppfølgingsamtaler med risikospelarar det siste året.

Også Norsk Rikstoto monitorerer dei unge spelarane tett. Kundesegmentet mellom 18 og 30 år har blitt prioritert i 2025. I dette segmentet er det 0,6 prosent av spelarane som er klassifisert med høg risiko. Dei aller fleste i aldersgruppa spelar berre sporadisk eller ein til to gongar i veka. Det er bra at Norsk Rikstoto har eit særleg fokus på denne gruppa, sjølv om det store fleirtalet av risikospelarane er i andre alderssegment. Kunnskapen gjer selskapet rusta til å gjennomføre tiltak raskare om det blir nødvendig.

Også Norsk Rikstoto har hatt eit prosjekt om synlegheit av pauseverktøy. No er Pause- og utestengingsknappen synleg på alle sider der ein kan kjøpe spel. Foreløpige analysar viser ein sterk auke, 266 prosent, i kundar som besøker pausefunksjonaliteten, men som ikkje nødvendigvis tek ein pause. Det tyder på at funksjonen er tilgjengeleg og synleg, slik intensjonen med oppgraderinga var.

4. Lotteritilsynet sitt tilsynsarbeid i 2025

Lotteritilsynet arbeider for at færre skal oppleve speleproblem. Dette gjer vi mellom anna ved å føre tilsyn med at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto tilbyr trygge og ansvarlege pengespel, og gjennom tilsyn med den ulovlege pengespelmarknaden.

Tilsyn med einerettsaktørane

Lotteritilsynets kontroll med at einerettstilbydarane tilbyr trygge og ansvarlege pengespel skjer gjennom ulike tilsynsaktivitetar. Vi fører tilsyn med at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto etterlever dei krava pengespellova stiller. I tillegg gjennomfører vi faste rettleingsmøter der einerettstilbydarane informerer om utviklinga. Norsk Tipping og Norsk Rikstoto rapporterer også avvik til Lotteritilsynet, og dette gir saman med tips og meldingar frå publikum eit godt grunnlag for tilsynsarbeidet.

I 2025 har Lotteritilsynet følgd opp fleire saker om brot på regelverket hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. Nokre av sakene har resultert i ilegging av lovbrotsgebyr:

Norsk Tipping:

- Ein feil i trekningsgrunnlaget for tilleggstreningane i Eurojackpot og Lotto førte til at spelarar i andelslag, spelelag og andelsbank fikk større vinnarsjansar. Feilen låg føre i alle tilleggstrekingane i rundt 10 år og ramma fleire millionar spelarar over mange år. Feilen vart vurdert som eit alvorleg brot på pengespellova § 8 som stiller krav om tiltak for å sikre trygge pengespel, og Norsk Tipping vart ilagt eit lovbrotsgebyr på 46 millionar kroner.

- Ein feil førte til at supertrekninga i Lotto 19. april ikkje vart gjennomført med korrekt trekningsgrunnlag. Feilen vart vurdert som eit alvorleg brot på pengespellovs krav om tiltak for å sikre trygge pengespel, Norsk Tipping vart ilagt eit lovbrotsgebyr på 25 millionar kroner.
- Fleire tusen spelarar fekk 27. juni meldingar om at dei hadde vunne mykje større premiar enn dei faktisk hadde. Feilen vart vurdert som eit alvorleg brot på pengespellovas krav om tiltak for å sikre trygge pengespel, og Norsk Tipping vart ilagt eit lovbrotsgebyr på 10 millionar kroner.
- En feil førte til at dei som spelte i app på Iphone eller Ipad ikkje fekk stenge seg ute frå spel i fire månader i 2024. Feilen vart vurdert som eit alvorleg brot på pengespellovas krav om tiltak for å sikre ansvarlege pengespel, og Norsk Tipping vart ilagt eit lovbrotsgebyr på 36 millionar kroner.

Norsk Rikstoto:

- 806 kundar fekk spele utover tapstrensene sine i perioden desember 2022 til september 2025 grunna teknisk feil i Andelstorget og På Lag-løysinga. Feilen vart vurdert som eit alvorleg brot på pengespellovas krav om tiltak for å sikre ansvarlege pengespel, og Norsk Rikstoto vart ilagt eit lovbrotsgebyr på 6 millionar kroner.

I samtlege saker påpeika Lotteritilsynet at einerettsaktørane ikkje hadde sørga for tilstrekkeleg testing og kontroll av pengespela.

I tillegg er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto også ilagt lovbrotsgebyr på høvesvis ein og to millionar kroner for brot på kvitvaskingslovas krav til system som kan avdekke kvitvasking.

I 2025 har Lotteritilsynet også gjennomført eit tilsyn med Norsk Rikstoto si etterleving av pengespellovas krav til tiltak for å tilby ansvarlege pengespel i 2025. I tilsynet vart det mellom anna avdekka brot på regelverket knytt til krav om tapsegrenser, utestenging og pause og informasjon om risikoen ved pengespel. Tilsynet er ikkje avslutta.

Lotteritilsynets tilsyn med Norsk Tippings etterleving av pengespellova sitt krav til tiltak for å tilby ansvarlege pengespel måtte utgå i si planlagde form grunna oppfølging av dei andre alvorlege hendingane. I staden gjennomførte vi eit møte der Norsk Tipping gjorde greie for arbeidet sitt. Lotteritilsynet vil gjennomføre tilsyn med korleis Norsk Tipping sikrar at dei tilbyr kasinospela sine i trygge og ansvarlege former i 2026.

Lotteritilsynets tilsyn med Norsk Tipping og Norsk Rikstoto i 2025 viser at begge har utfordringar knytt til systema som skal sikre trygge og ansvarlege spel. Fleire feil har ført til at enkelte pengespel ikkje har blitt gjennomført på korrekt måte, og nokre av ansvarlegheitsverktøya som skal beskytte spelarane mot speleproblem har i periodar ikkje fungert slik dei skal. Dette er noko Lotteritilsynet vil følge opp tettare i komande tilsyn med einerettsaktørane.

Tilsyn med den ulovlege pengespelmarknaden

Regulatoriske tiltak mot ulovlege pengespel gjer at færre får speleproblem og styrkar Norsk Tipping og Norsk Rikstoto sine marknadsandelar. Lotteritilsynet har fleire tiltak retta mot den ulovlege marknaden som gir god effekt på ansvarleg pengespel og kanaliseringa. Dette er:

- Forbodet mot å tilby pengespel utan løyve
- Betalingsformidlingsforbodet
- DNS-blokkering av nettstader som tilbyr ulovlege pengespel
- Marknadsføringsforbodet og TV-reklameforbodet
- Dialog og rapportering med mediehus og sosiale media som Facebook, Instagram, YouTube, Apple, Google og Twitch
- Sanksjonar gjennom tvangsmulkt og lovbrotsgebyr

I 2025 har Lotteritilsynet prioritert tilsyn med utanlandske selskap som tilbyr pengespel utan løyve i samband med DNS-blokkering, norske influensarar som marknadsfører ulovlege pengespel, og tilsyn med bankane si etterleving av betalingsformidlingsforbodet. Vi har også prioritert tilsyn med ulovleg tilbod og marknadsføring av pengespel som rettar seg mot barn og unge. Vi har gjennomført tilsyn med unge influensarar som marknadsfører ulovlege pengespel på plattformer som er populære blant barn og tilsyn med nettstader som tilbyr skinbetting. Vi har også prioritert tverrfagleg samarbeid med andre tilsynsmyndigheiter om barn sitt forbrukarvern.

Det siste året har vi manuelt kontrollert over 661 nettstader i samband med DNS-tilsyn. Dette arbeidet har resultert i at over 306 nettstader har mottatt varsel om DNS-blokkering, og per i dag er 238 nettstader DNS-blokkert etter vedtak frå Lotteritilsynet. Det betyr at 72 har innretta seg etter å ha mottatt informasjonsbrev eller varsel frå oss, enten ved å sjølvblokkere for spelarar i Noreg ved geoblokkering, eller ved å innrette seg etter den norske pengespelova.

Dei største og mest kjente utanlandske speltilbydarane har langt på veg trekt seg ut av den norske marknaden. Betalingsformidlingsforbodet gjer at færre spelar pengespel som ikkje har løyve, og vi har stoppa fleire influensarar å marknadsføre ulovlege pengespel på strøymetenester og i sosiale medium. I tillegg aukar kunnskapen blant folk om kven som har lov og ikkje lov til å tilby pengespel.

Lotteritilsynet vil fortsette å prioritere tilsyn med DNS-blokkering og ulovleg tilbod og marknadsføring av pengespel som når unge høgt i 2026.

5. Oppsummering og tiltak

Føremålet med einerettsmodellen for pengespel i Noreg er å førebyggje speleproblem og andre negative konsekvensar av pengespel. Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har som einerettsaktørar eit særleg ansvar for å tilby pengespel innanfor trygge og ansvarlege rammer som avgrensar risikoen for speleproblem.

Lotteritilsynet vurderer samla sett at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto oppfyller ansvaret sitt om å tilby ansvarlege pengespel. Selskapa har etablert system og tiltak for å førebyggje og følgje opp risikofylt speleåtferd. Dette omfattar mellom anna registrert spel, tapsgrenser, pause- og utestengingsfunksjon, identifisering av risikospelarar, og informasjon og rettleiing til spelarar, og dette bidreg til å sikre eit høgt vern.

Rapportane vi har mottatt frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto viser også at einerettsaktørane har god kunnskap og innsikt om marknaden og om speleproblem, og at dei jobbar systematisk for å sikre at speltilbodet er ansvarleg.

Samtidig ser vi behov for vidare utvikling og oppfølging av ansvarlegheitstiltaka. Vi viser til at andelen risiko- og problemspelarar i stor grad er uendra og ikkje har gått ned sidan 2024.

Når det gjeld einerettsaktørane er det også i år datapunkt som er positive- som at begge selskap rapporterer ein nedgang i spelarane sine gjennomsnittlege tap. Lotteritilsynet er likevel framleis bekymra for ein stor kundevekst til Norsk Tipping sine kasinospel, og kva dette vil ha å seie for framtidig problemspel i den norske marknaden. I tillegg er Lotteritilsynet uroa over dei mange feila som har oppstått siste åra i einerettsaktørane sine pengespel.

For at færre skal oppleve speleproblem tilrår vi at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto gjer følgjande;

Styrke innsatsen retta mot spelarar med langvarig høg risiko

Talet på spelarar som er langvarig raude (Norsk Tipping) eller har langvarig høg risikostatus (Norsk Rikstoto) må ned. Dette peika vi også på i fjorårets rapport. Med langvarige raude spelarar/spelarar med høg risiko meiner vi spelarar som har slik status i halvparten av vekene i året. Lotteritilsynet meiner at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto må gjere meir for å få desse spelarane til å spele meir ansvarleg, og få dei med speleproblem til å slutte å spele og søke behandling.

Styrke kontrollen med pengespela

At Norsk Tipping og Norsk Rikstoto tilbyr trygge og ansvarlege pengespel er ein føresetnad for at færre skal oppleve speleproblem. Fleire alvorlege feil dei siste åra gjer at Lotteritilsynet meiner at einerettsaktørane må styrke arbeidet med å sikre at pengespela blir korrekt gjennomført, og at ansvarlegheitsverktøya fungerer som dei skal. Dette inneber mellom anna betre kontrollar og testar for å oppdage og rette feil raskt.

Norsk Tipping må gjere meir for å hindre problemspel på kasino

Norsk Tipping må gjennomføre fleire tiltak for å hindre at veksten i spelarar på KongKasino fører til ein auke i problematisk spel i Norge. Lotteritilsynet meiner selskapet må vurdere ein modul i Proaktive meldingar retta mot unge og nye spelarar etter modell av den som blir brukt for å kome i kontakt med kundar som ikkje svarer på proaktive samtaler. Spelarane må altså fullføre modulen for å kunne spele, og informasjonen må setje spelaren i stand til å gjere kloke val i møtet med risikofylte spel. Andre tiltak kan framleis vere aktuelle, som ein eigen lobby for kasinospel.

Norsk Rikstoto må auke merksemda på spel med gevinst

Norsk Rikstoto må auke merksemda på spel for gevinst for spelarar med høg risiko. 97 prosent av kundane med høg risiko har lagt til løpande gevinstar til tapsgrensene sine. Spel for gevinst gjer at spelarane kan oppretthalde svært høg omsetning over lang tid. Sjølv om desse ikkje treng å skyte inn «friske pengar» på spelkontoen sin, gjer spel for gevinst det mogleg å oppretthalde ein spelintensitet som kan føre til risikofylt spel.

Kanaliseringsrapport

Lotteritilsynet skal vurdere korleis Norsk Tipping og Norsk Rikstoto klarer å kanalisere, eller hente inn, spelarar frå utanlandske spelselskap. Dette er selskap som verken har, eller kan få løyve til å tilby pengespel i Noreg, og der spelarar i Noreg likevel får spelt. Kanalisering er også når nye spelarar byrjar å spele hos einerettstilbydarane og vel å bli verande hos dei.

For å vurdere kanaliseringsevna brukar vi marknadsdata og tal både frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto, resultat frå våre spørjeundersøkingar og tal på webtrafikk som og kan seie noko om kanalisering.

Marknadsdelar vert målt med utgangspunkt i den totale spelemarknaden og den delen av spelporteføljen til Norsk Tipping som er i direkte konkurranse med dei utanlandske spelselskapa, samt hestespel hos Norsk Rikstoto.

6. Kanalisering målt i antal spelarar

Nøkkeltal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

	Norsk Tipping	Norsk Rikstoto
Tal registrerte spelarar – spelt siste år	2 348 933	179 837
Netto omsetning (GGR) ¹	10 236 000 000	990 000 000
Tal nettspelarar – spelt siste år	2 107 000	165 000 ²
Siste tre månader (snitt)	1 789 000	
Netto omsetning over nett (GGR)	8 653 000 000	860 000 000 ³
Tal nettspelarar av spel i konkurranse – spelt siste år	1 189 000	165 000
Siste tre månader (snitt)	829 000	
Netto omsetning i spel i konkurranse (GGR) – digitalt	3 290 000 000	860 000 000

Norsk Tipping

¹ Total innsats minus utbetalt gevinst.


² Anslag basert på rapporterte tal frå Rikstoto (nett og via e-kommisjonær).

³ Nettoomsetning på nett (GGR) er berekna med nettspel sin prosentdel av total bruttoomsetning. I 2024: 87%.

Norsk Tipping har vel 2,1 millionar spelarar som har spelt på nett minst éin gong i løpet av 2025. Nær 1,2 millionar har spelt pengespel hos Norsk Tipping som er i direkte konkurranse med spela som blir tilbydde av uregulerte aktørar.

Netto omsetning for Norsk Tipping sine pengespel i direkte konkurranse med dei utanlandske utgjorde i overkant av 3,3 milliardar kroner i 2025. Dette er omsetning frå spel på Norsk Tipping sine internett- og mobilbaserte kasinospel, skrapespel, Yezz og bingospel (Instaspill), samt tipping og oddsspel (sportsspel).

Kasinospela omset mest i kategorien Instaspill med over to tredjedelar av omsetninga. Det er likevel skrapespel som har flest spelarar. Både omsetning og talet på spelarar auka med 5 prosent frå 2024. Dette er langt mindre vekst enn frå 2023 til 2024 då veksten utgjorde høvesvis 19 prosent og 22 prosent.



Norsk Tipping har egne undersøkingar der dei kartlegg speling på utanlandske nettstader dei siste året. Selskapet si undersøking frå 2025 viser at 4,7 prosent har spelt hos utanlandske aktørar dei siste tre månadene, og 6,2 prosent i løpet av det siste året (8 864 spurde i 2025). Samanlikna med 2024 er dette i hovudsak stabile funn. Norsk Tipping gjennomfører også egne undersøkingar om kanalisering. I følgje selskapet viser den siste (januar 2025) at kanaliseringsevna framleis er sterkt, og særleg blant unge kundar. Norsk Tipping sine undersøkingar viser også at deira marknadsdel auka noko i 2025 både for kasinospel og sportsspel til høvesvis 65 % og 88 %. Tilsvarende marknadsdelar var 63 % og 85 % i 2024.

Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har omlag 165 000 spelarar som har spelt på nett i 2025. Hos Norsk Rikstoto har også talet nettspelarar auka noko sidan 2024, også berekna netto omsetning på nett og mobil har auka noko og er berekna til 860 millionar (samla kjøp av spel). Norsk Rikstoto skriv som i fjor i sin eigen

kanaliseringsrapport at det er talet på lågfrekvente spelarar som aukar. Selskapet skriv også kanaliseringsevna er sterk og anslått til 97-98 prosent.



Lotteritilsynet sine målingar viser at blant dei som spelar på hest i Noreg opplyser 98 prosent i 2024 og 100% i 2025 dei spelte hos Norsk Rikstoto siste gong dei spelte. Lotteritilsynet reknar ikkje med særleg direkte konkurranse mellom Norsk Rikstoto og dei utanlandske spelselskapa, og Rikstoto rapporterer sjølv at evna til å kanalisere er sterk.

Lotteritilsynet sine undersøkingar

Våre egne kvartalsvise undersøkingar om nettspel gjennom Sentio Research AS⁴ gir oss indikasjonar på kor mange i Noreg som har spelt på nett hos norske og utanlandske speltildarar, og kor mange som spelar Norsk Tipping sine spel som er i konkurranse med utanlandske spelselskap. Det er relativt få i Noreg som spelar på nett hos dei utanlandske spelselskapa, og difor er det ikkje så mange vi når gjennom undersøkingane. Undersøkingane gir likevel eit godt bilde på korleis spelarane fordeler seg på norske og utanlandske speltildarar.

⁴ Det blir gjennomført 1 000 intervju i eit utval av personar 18 år og eldre kvart kvartal. Kvart halvår blir 1 000 personar 15 år og eldre intervju.

I 2023 vart datainnsamlinga noko endra frå å samle data gjennom telefonintervju til web-panel. Dette gjer at vi no får resultat som ligg over reelle tal⁵.

Lotteritilsynet anslår at 2 560 000 personar spelar pengespel på nett og mobil av 18-åringar og eldre, enten hos norske eller utanlandske speltilbydarar. Det utgjer 57,1 prosent av befolkninga i 2025⁶.

I 2025 svarer 2,6 prosent at dei har spelt hos utanlandske tilbydarar⁷. Dette utgjer 115 000 spelarar. Tilsvarande målingar viser at 55,8 prosent spelar hos Norsk Tipping og 5,8 prosent spelar hos Norsk Rikstoto. Samanlikna med 2024 viser resultatata frå dei kvartalsvise målingane i 2025 ein signifikant reduksjon for utanlandske spel der prosentdelen i 2024 var 3,8 %. Vi reknar likevel med at desse tala viser ein for høg andel enn det som er reelt.

I dei halvårlege målingane svarer 4,4 % at dei har spelt på utanlandske nettspel i 2025, og dette er om lag same andel som i 2024 då den var 4,5 %. Ser vi på prosent i befolkninga som har spelt pengespel i direkte konkurranse med dei utanlandske spelselskapa på nett i 2025 fordeler dei seg slik⁸:

- 8,0 prosent hos Norsk Rikstoto
- 34,9 prosent hos Norsk Tipping

Kva nettspelarar har spelt dei siste tre månadene

Dei fleste som spelar på nett spelar som oftast talspel og ikkje spel som er i direkte konkurranse mellom dei norske og utanlandske speltilbydarane, som sportsspel og kasinospel. For spel der Norsk Tipping er i direkte konkurranse, er det flest som spelar sportsspel og skrapespel.

Diagrammet under viser berekna andel av befolkninga som har spelt dei ulike spela på nett i løpet av dei siste tre månadene på undersøkingstidspunktet⁹.


⁵Målingane i 2025 viser at 55,8 % har spelt på nett hos Norsk Tipping siste året, eller 2 500 000 spelarar. Data frå Norsk Tipping viser reelt 2 100 000 spelarar. Estimatet for 2025 er 19% for høgt, i 2024 21 %, i 2023 16 % for høgt, i 2022 var estimatet 29% for lågt. Berekinga for Norsk Rikstoto viser 58 % for mange nettspelarar i 2025, 55 % og 56 % for mange i høvesvis 2024 og 2023. Data i 2022 viste 26 % for få spelarar.

⁶ Feilmargin på 57,1 % +/- 1,5 %. Feilmargin på 2,6 % +/- 0,5 %

⁷ Kvartalsvise målingar. I alt 4 141 spurde, 18 og eldre

⁸ Halvårlege målingar. I alt 2 147 spurde, 15 år og eldre.

⁹ Prosentane er berekna frå totalutvalet for undersøkingane, og ikkje i prosent av nettspelarar.




Frå resultatata bereknar vi kor mange personar dette vil utgjere basert på folketalet 18 år og eldre per 1. januar 2025, som var 4 486 000 personar.

Bereknat tal som har spelt på nett/mobil dei siste 3 månadane i 2025		
Talspel	48 %	2 140 000
Hestespel	4 %	160 000
Poker	1 %	30 000
Sport- og oddsspel	10 %	430 000
Skrapespel	8 %	350 000
Kasinospel	4 %	160 000
Bingospel	1 %	40 000

Målingane viser ein større andel spelarar i befolkninga enn den som reelt sett tar del i nettspel, men for spel som er i konkurranse er tal spelarar nærare det som blir oppgitt av Norsk Rikstoto og Norsk Tipping.

Kvar spelte nettspelelarane sist?



Som i 2023 og i 2024 er det også i 2025 er eit stort fleirtal som oppgjer å ha spelt hos ein norsk speltilydar siste gongen dei spelte spel på nett i konkurranse med utanlandske spelselskap. 10 prosent, eller færre, opplyser å ha spelt hos eit utanlandsk selskap siste gongen dei spelte. Norsk Tipping sine eigne data viser også at marknadsdelen deira har auka år for år, og ligg i 2025 på 88 prosent for sportsspel og 65 prosent for kasinospel målt i kroner. Rikstoto har berekna marknadsdelen sin til mellom 97 og 98 prosent.

Andel som spelte hos eit utanlandsk selskap siste gongen dei spelte	2021	2022	2023	2024	2025
Hestespel	10 %	1 %	2 %	2 %	0 %
Bingo	9 %	29%	8 %	8 %	6 %
Skrapespel	14 %	9 %	5 %	3 %	2 %
Kasinospel	43 %	44 %	18%	10%	10%
Liveodds	29 %	32 %	12%	9 %	9 %
Tipping eller oddsspel	17 %	16 %	5 %	3 %	3 %

Fleire spelar hos einerettstilbydarane

Reelle tal frå Norsk Tipping viser at talet på nettspelarar har auka gjennom 2025, men mindre vekst enn gjennom 2024. Tilsvarande viser tal frå Norsk Rikstoto også ein auke. Lotteritilsynet sine kvartalsvise målingar indikerer at den prosentvise delen som spelar hos utanlandske spelselskap

gjekk ned frå 2024 til 2025. Dette viser at spelarar blir kanalisert særleg til Norsk Tipping sitt tilbod. Utviklinga der langt fleire spelar hos Norsk Tipping enn hos dei utanlandske spelselskapa er ei utvikling vi har sett over fleire år.

For femte år på rad viser undersøkingane våre at for alle spelkategoriar som er i konkurranse seier flest at dei spelte hos ein norsk tilbydar siste gongen dei spelte. I alle kategoriar av spel er det også flest personar som seier dei har brukt mesteparten av pengane dei har satsa hos ein norsk tilbydar.

Betalingsformidlingsforbodet er truleg det tiltaket som til no har hatt størst effekt på kanaliseringa, men frå 2025 har Lotteritilsynet blokkert nettstader med spel som ikkje har norsk løyve til å tilby spel i Norge. Mange, både betalingformidlarar og spelselskap, har valt å gå ut av den norske marknaden som følgje av betalingsformidlingsforbodet. Ein del spelselskap er DNS-blokkert medan ein del andre har innretta seg slik at dei etter vår vurdering ikkje lenger kan seiast å tilby spel som er retta mot Norge.

I undersøkingane våre gir ein skilde spelarar vidare uttrykk for at dei går over til å berre spele hos Norsk Tipping når dei gjennom betalingsforbod eller DNS-blokkering blir klar over at andre selskap ikkje har løyve til å tilby spel.

7. Kanalisering målt i omsetning

Omsetninga i den norske pengespelmarknaden

Lotteritilsynet har fått tal frå Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. I den private marknaden er ein del av omsetninga foreløpig berre estimat.

Omsetning i millionar kroner	Brutto 2024	Netto 2024	Brutto 2025	Netto 2025	Endring i nettooms. (GGR)
Norsk Tipping (NT) Sportsspel	6 584	1 421	6 792	1 392	-2 %
NT Instaspill	30 901	1 755	34 415	1 942	11 %
NT Multix	1 239	97	1 040	82	-16 %
NT Belago	1 932	127	1 756	115	-10 %
NT talspel og Flax på papir	13 804	6 837	13 568	6 706	-2 %
Norsk Rikstoto	3 164	958	3 278	988	3 %
Privat marknad – foreløpige tal for 2025	6 273	1 641	5 432	1 538	-6 %
Totalt	63 899	12 837	66 281	12 762	-1 %

Totalt er netto omsetning i den norske pengespelmarknaden for 2025 redusert med 1 prosent samanlikna med året før, og er mellom 12,7 og 12,8 milliardar kroner. Nedgangen er størst i den private marknaden, medan total netto omsetning for Norsk Tipping er omtrent lik som i 2024. Ser vi på kvar enkelt kategori i tabellen er det berre Instaspill og Rikstoto som aukar. Auken i

Instaspill kan gi ein indikasjon på auka kanalisering frå utanlandske tilbydarar. Samtidig kan auken tyde på at fleire vel å spele Instaspill framfor dei andre som alle har reduksjon.

Lotteritilsynets estimat for omsetninga i den utanlandske marknaden

Det er vanskeleg å berekne omsetninga til dei utanlandske spelselskap i Noreg. Omsetninga kan berre estimerast på bakgrunn av kjend informasjon frå marknaden og ikkje reelle omsetningstal. Vi har ikkje lenger den same informasjonen tilgjengeleg som for berre to år sidan. Vi har mellom anna ikkje lenger omsetningstal frå utanlandske selskap som rettar seg mot Noreg. Tala er ikkje lenger tilgjengelege eller relevante fordi selskapa ikkje lenger tilbyr spel i Noreg, og vi kan heller ikkje bruke tal og informasjon frå nordiske land – av same grunn.

For å komme fram til eit estimat har vi lagt til grunn følgjande:

- Omsetning hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto og data frå målingane til Sentio Research AS.
- Omsetning hos Norsk Tipping og Norsk Rikstoto og deira anslag for kanalisering
- Omsetning hos Norsk Tipping og måling av nett-trafikk hos Norsk Tipping og utanlandske selskap.

Nett-trafikken er målt ved hjelp av SEMrush. Denne metoden fangar også opp nett-trafikk for yngre spelarar på nettsider med skinbetting. I del-estimatet basert på nett-trafikk inngår dermed spel av ungdom under 18 år. Omsetning i alle del-estimat har tidlegare vore for spelarar 18 år og eldre.

Ein av svakheitene ved denne typen datagrunnlag er at SEMrush bereknar det totale besøket til ein nettstad og ikkje dei faktiske trafikkta. Dei estimerer trafikk basert på anonymiserte brukardata, som i praksis er eit web-panel. Metoden dei brukar er enkelt forklart statistiske metodar til å rekne ut kor mykje trafikk nettstaden sannsynlegvis har totalt i befolkninga.

Som i undersøkingane til Sentio, vil eit web-panel kunne gi eit høgare resultat enn reelle tal.

Det er gjort fleire føresetnadar i SEMrush-estimatet:


- Appar for utanlandske nettstader er ikkje tilgjengeleg i Norge. Det betyr at all omsetning kjem frå besøk til nettstaden.
- Utanlandske nettstadar med totalt antal besøk under 100 000 er ekskludert på grunn av for stor usikkerheit.¹⁰
- Berekna GGR pr. besøk for Norsk Tipping er brukt i berekninga.¹¹
- Vi har ikkje kjennskap til alle utanlandske nettstader som tilbyr pengespel i Norge.

Lotteritilsynet har berekna netto omsetning for utanlandske spelselskap i Noreg til å ligge mellom 1,7 og 2,1 milliard kroner i 2025, for enkelheits skuld 1,9 milliard kroner. Netto omsetning, eller

¹⁰ Summen av besøk til alle nettstader under 100 000 utgjør, basert på informasjon vi kjenner, om lag 2,5 prosent av den utanlandske marknaden.

¹¹ Norsk Tipping følger strenge reguleringar med blant anna tapsgrensar og det er derfor rimeleg å anta at spelarar på utanlandske nettstader utan same reguleringar spelar for meir kvar gong dei spelar.

Gross Gambling Revenue (GGR), er her det som ligg att hos utanlandske spelselskapa når gevinstar er trekt ifrå.




8. Marknadsandelar

Det er ei rekke forhold som har innverknad på korleis marknaden utviklar seg. Når einerettstilbydarane tilbyr sports-, kasino- og hestespel, blir marknadsandelen til dei utanlandske spelselskapa i Noreg redusert. Ansvarlegheitstiltak som Norsk Tipping og Norsk Rikstoto brukar påverkar omsetninga negativt. Regulatoriske tiltak retta mot den ulovlege marknaden bidrar til å redusere omsetninga til utanlandske spelselskap i Noreg og styrkar kanaliseringsevna til einerettstilbydarane.


Marknadsandelar i den totale spelmarknaden

Vi bereknar at utanlandske aktørar har ein marknadsandel på ca. 13 prosent (12 til 14 prosent) av den totale spelmarknaden i Noreg.



Marknadsandelar for spel i konkurranse

Dersom marknaden blir avgrensa til spel som er i konkurranse, sports-, kasino- og hestespel, bereknar vi marknaden til utanlandske spelselskap i Noreg til å utgjere om lag 31 prosent (28 til 34 prosent). Marknadsdelen til Norsk Tipping er 55 prosent og Norsk Rikstoto er andelen 14 prosent. Totalt 69 prosent. Held vi omsetninga til Norsk Rikstoto utanom, er marknadsdelen til Norsk Tipping 64 prosent og dei utanlandske aktørane har 36 prosent.



Om vi ser bort frå omsetningsestimatet over, viser Sentio-data frå Lotteritilsynet og tala frå Norsk Tipping at meir og meir spel skjer hos einerettstilbydarane. Vårt estimat for dei utanlandske aktørane omfattar også omsetning frå poker som ikkje er tilbydd av norske aktørar.

9. Oppsummering og konklusjon kanaliseringsrapport

Vi vurderer at Norsk Tipping og Norsk Rikstoto har ei sterkare positiv kanalisering av spelarar frå den utanlandske marknaden år for år.

Evna til å kanalisere blir påverka av situasjonen i den totale pengespelmarknaden, myndigheitene sitt regulatoriske arbeid, ansvarlegheitstiltaka til einerettstilbydarane og den samla innsatsen for å redusere utanlandske speltilbydarar sin tilgang til den norske marknaden.

Målt i tal spelarar vurderer Lotteritilsynet kanaliseringsevna for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til å ha ein svak auke også i 2025.

- **Einerettstilbydarane aukar talet på spelarar, det gjer ikkje dei utanlandske:**

Norsk Tipping rapporterer at 1,19 millionar spelarar minst ein gong i 2025 spelte spel som er i konkurranse med dei utanlandske selskapa. I 2024 var det 1,13 millionar spelarar. Norsk Rikstoto rapporterer om ein auke i talet på nettspelarar frå om lag 160 til 165 tusen spelarar.

Frå Lotteritilsynet sine kvartalsvise Sentio-målingar ser vi ikkje same auke for utanlandske selskap, men ein reduksjon frå 3,8 % i 2024 til 2,6 % i 2025. I 2025 utgjer dette 115 tusen spelarar 18 år og eldre. Dei halvårlege målingane er meir stabile, og gir fleire spelarar (4,4 % i 2025). Samtidig gir Sentio-målingane eit større anslag over spelarar både for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto enn det selskapa sjølv rapporterer.

- **Andre indikasjonar i Sentio-målingane på at den positive kanaliseringa held fram:**

Dei fleste spelarane spelte norske regulerte spel sist dei spelte: For alle speltypane i direkte konkurranse (sportsspel, kasinospel, skrapespel, bingo og hestespel) har eit fleirtal av spelarane i fleire år oppgitt å ha spelt hos eit norsk selskap sist dei spelte. Dette resultatet vart styrka i 2024, og held seg også i 2025. Størst prosentdel (10 %) oppgir å ha spelt *kasinospel* hos andre enn Norsk Tipping siste gongen dei spelte slike spel. For hestespel var det ingen (0 %) som spelte hos andre enn Rikstoto siste gongen.

Flest satsar også mest på norske spel: I 2025 oppgir dei fleste å ha satsa mest pengar hos dei norske aktørane i løpet av dei siste tre månadane.

Målt i pengar er kanalisering til einerettsaktørane vanskelegare å berekne.

- **Omsetninga til einerettstilbydarane for spel i konkurranse har auka svakt i 2025:**

Netto omsetninga aukar (11 %) for kategorien Instaspill hos Norsk Tipping der kasinospel står for ein stor del. For sportsspel er omsetning litt redusert (-2 %). Omsetninga ligg på vel 3,29 milliardar kroner i 2025, mot 3,13 i 2024. Norsk Rikstoto har hatt redusert omsetning (-5 %).

- Dei utanlandske spelselskapa har ein marknadsdel estimert til mellom 12 og 14 prosent i 2025.

- For spel med direkte konkurranse har vi estimert den norske marknaden til mellom 5,9 og 6,2 milliardar i netto omsetning.

- For spel med direkte konkurranse estimerer vi marknadsandelen til dei utanlandske spelselskapa mellom 28 og 33 prosent.

- Dei utanlandske spelselskapa si netto omsetning i Noreg i 2025 er berekna til mellom 1,7 og 2,1 milliardar kroner, forenkla til 1,9 milliardar. I fjor vart det berekna til 1,3 milliardar kroner, men på grunn av store endringar i estimeringsmetode er ikkje desse resultatata samanliknbare.

Etter Lotteritilsynets vurdering har einerettsaktørane sterk evne til å kanalisere spelarar til selskapa. Når det gjeld kor mykje spelarane legg igjen hos utanlandske spelselskap er biletet meir usikkert.